



Forsand kommune

Rådmannen

Politidirektoratet
Postboks 8005, Dep

0030 OSLO

Saksbeh. e-post: agr@forsand.kommune.no

Dykkar ref.:

Dato: 24.09.2013

Saksbeh. tf.: 51 700 121

Att:

Vår ref.: 13/700-1/K2-X31//AGR

Politireform - NOU 2013:9 - Høyringsuttale

Forsand kommunestyre har i møte 25.09.2013 gjort vedtak om å slutte seg til Ryfylke IKS sin høyringsuttale til politireforma.

Denne lyder slik:

Ryfylke IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane; Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, Finnøy og Forsand. Me vil med dette gje ein samla uttale knytt til mulege endringar i organiseringa av Politiet.

Strukturreformen

Dei seks Ryfylke kommunane representerer eit stort geografisk område og me er difor svært opptekne av at Rogaland skal bestå som eige politidistrikt. Fylket vårt er eit av dei største i landet med høg folketilvekst og eit sterkt næringsliv. Ryfylke er positive til endringane som er foreslått i NOU 2013:9 med omsyn til eit betra tenestetilbod og kortare utrykkingstider, men me stiller oss tvilande til at ein modell med 6 politidistrikt kan oppretthalde ein tilfredsstillande lokalkunnskap og lokal aktivitet, ikkje minst når det gjeld førebyggjande arbeid.

Nokre av kommunane har opplevd at omorganisering som har skjedd i politiet dei seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråvær i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi når lovbrøt har skjedd.

Store avstandar, rasutsette vegstrekningar og svært raske og store endringar i folkemengda i ferie og høgtider gjer det spesielt viktig å ha fullt bemanna einingar i både ytre og indre Ryfylke representert med kontor i Strand og Sauda med politiposter på Finnøy og i Hjelmeland.

Overføring av oppgåver

Det må og takast omsyn til at fleire av kommunane i Ryfylke har ei sær stor arbeidsinnvandring og andel utanlandske statsborgarar er like høg som i storbyane. Hjelmeland kommune har til dømes 16% utanlandske statsborgarar.

Store avstandar og manglande kollektivtilbod gjer det viktig å behalda muligheita for å skriva ut pass slik det er i dag i Sauda, Hjelmeland og Strand med tillegg av at innbyggjarar i Suldal kan velja kvar dei får seg nytt pass etter kva som er nærast.

Det er vidare naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der td lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre og var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Det synes òg naturleg, slik utvalet har foreslått, at ein del oppgåver vert overført til kommunane. Rapporten seier lite om kva konsekvensar dette vil ha for dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta desse oppgåvene. Dette må utgreiast nærare. Kommunane forventar at det saman med oppgåvene følgjer med økonomiske ressursar til eventuelle investeringar og drift.

Det er særst viktig at kommunane er aktivt med i det vidare arbeidet med omsyn til overføring av oppgåver og organisering slik at målet med reforma verkeleg blir ei betre og meir synleg polititeneste både sentralt og i distrikta samstundes som at overføring av oppgåver gir publikum ei tilfredstillande teneste i distrikta.

Ole Tom Guse
ordførar